

Aukande rekruttering til skulemusikken

13.03.2008



Framtidige aspirantar og foreldre samla på skulen denne veka. (Foto: Thor Inge Døssland)

No har skulemusikken fire aspirantar som går i musikkkulen, men talet kjem til å auka sterkt hvis ein skal dømme etter oppslutnaden om samlinga i skulen denne veka. Då møtte det sju til som gjerne vil inn i korpsset.

Og tek ein gløden og interessa dei la for dagen som eit godt varsel for framtida vil det som er målsettinga kanskje bli innfridd. Den er at korpsset skal få bortimot 30 aktive musikarar. Om det er mogeleg veit ein ikkje i dag, men det er det ideelle i eit brassband, seier dei som har forstand på det. Denne sesongen er talet 20.

Dei sju som møtte går i andre og tredje klasse og her er dei: Joakim L. Myklebust, Martin Y. Røssland, Hilde Legland, Anine Enes, Merete Myklebust, Ann Helen Rød og Frida Nybakk. Korpsset hadde øving denne kvelden og tre av musikarane i korpsset var innom dei vordande aspirantane og presenterte instrumenta sine. Dei var Vegard Døssland med kornett, Birgitte Hjelmeland med althorn og Thomas Halvorsen med tuba.

Dei sju fekk prøve kornett, althorn og baryton og var svært ivrig. Sjølvsagt fekk dei også høre kva musikarane var gode for under øvinga og servering av sjokoladekake, kjeks og saft gjorde dei enda meir tente!

Første fase i aspirant-utdanninga er eitt år i kulturskulen, men dei fleste held fram der også etter at dei har gått inn i korpsset. Det er eit gunstig opplegg, for det gjer overgangen lettare. Nokre av dei som no vil bli aspirantar har allereie gått på grunnkurs i kulturskulen.

Men det er slett ikkje sett bom med dei sju som så langt har meldt si interesse – det er plass til enda fleire og søknadsfristen for kulturskulen er 1. april. Det ligg søknadsskjema på nettet, men det er også mogeleg å få det i banken.

Thor Inge Døssland tek gjerne i mot praktiske spørsmål.

Av Ola Matti Mathisen